



Møteprotokoll

Utval:	Kommunestyret
Møtestad:	Volda samfunnshus, festsalen
Dato:	05.02.2026
Tid:	kl. 13.00

Frammøtte	Representerer	Funksjon
Connie Steffenakk Bakke	Ap	medlem
Lars Alv Haugen, møtte kl. 14.15	Ap	medlem
Margrete Trovåg	Ap	medlem
Roger André Solheim	Ap	medlem
Sverre Leivdal, permisjon frå kl. 16.50	Ap	varaordfører
Asbjørn Tore Humberstet	Frp	medlem
Bjørnar Fylling	Frp	medlem
Elin Løvøy Wilhelmsen	Frp	medlem
Synnøve Mikkelsen Leirvik	Frp	medlem
Dan Helge Bjørneset	H	medlem
Sindre Rotevatn	H	medlem
Thore Heggen	H	medlem
Dagfinn Kristiansen	INP	medlem
Anders Egil Straume	KrF	medlem
Henning Holsvik, permisjon frå kl. 14.15-15.20	KrF	medlem
Jørund Stig Knardal	KrF	medlem
Henriette Hafsaas	MDG	medlem
Gudrun Kløve Juuhl	R	medlem
Ingrid Salt	SP	medlem
Ola Perry Saure	SP	medlem
Olin Bruheim Løvlid	SP	medlem
Rebecca Riise Bjerknes	SP	medlem
Sølvi Dimmen	SP	ordfører
Åsmund Seljeset	SP	medlem
Anne Karin Espe	SV	medlem
Gunnar Strøm	SV	medlem
Jan Erik Stokkeland	SV	medlem
Kari Aslaug Hasle	SV	medlem
Stig Helland	V	medlem

Forfall	Representerer	Varamedlem	Representerer
Edvin Dale	H		
Heidi Berg-Rusten Grevstad	H		

Hans Peter Eidseflot	SP	Ottar Arve Bjørkedal	SP
Finn Arne Follestad	UAV	Jonas Sollid Egset	INP

Andre som møtte

Per Ivar Kongsvik – kommunalsjef oppvekst

Rune Sjurgard - kommunedirektør

Sonja Håvik – møtesekretær

Agenda Kaupang - Rune Holbæk og Einar Stephan

Runde forking - Ovidie Lynge og Inge Alexander Bruheim

Sakliste

Sak nr.	Sakstittel	Arkivsaksnr.
PS 01/26	Godkjenning av innkalling og sakliste	26/228
PS 02/26	Godkjenning av protokoll	26/228
PS 03/26	Orienteringar	26/228
OS 01/26	Rapport - Kartlegging av biologisk mangfald i Sunnmørsfjordane	26/214
OS 02/26	Orientering om innsatstrapp og bustadtrapp	26/228
OS 03/26	2. møte i tverrkommunal politisk arbeidsgruppe Volda og Ørsta 20.01.26	20/4856
OS 04/26	Kommunebrevet 2026 - Nasjonale forventningar til kommunane - Samarbeid for å nå måla	22/440
OS 05/26	Kommunekommisjonen 9. januar 2026	19/10189
OS 06/26	Vedtaksbrev - Deltaking i prosess for kommunesamanslåing	25/3814
OS 07/26	Ombodsordninga i Møre og Romsdal - mobbeombodet og elev- og lærlingombodet 2024-2025	22/4123
OS 08/26	Sluttrapport berekraftskoordinator	20/738
OS 09/26	Orientering om ufrivillig skulefråvær	26/228
OS 10/26	Orientering om spelemiddelsøknadar	
PS 04/26	Busetting av flyktningar i 2026	23/372
PS 05/26	Styrerepresentasjon i selskap der Volda kommune har eigarskap	26/37
PS 06/26	Rapportering oppfølging av vedtak per 31.12.2025	21/331
PS 07/26	Årsmelding Ungdomsrådet 2025	19/10905

Volda, 06.02.2026

Sølvi Dimmen
ordfører

PS 01/26 Godkjenning av innkalling og sakliste

Vedtak:

Innkalling og sakliste vart godkjent.

Behandling:

Det var 30 møtande ved møtestart.

Innleiingsvis i møtet hadde kulturskulen eit musikkinnslag. Adelina Martinsen, 9 år, song "Ser du kjolen min" saman med lærar Ragnhild Engeset på piano.

Ordføraren kom med slikt tillegg til saklista:

- Diplom Fairtrade
- Kvinnedagen, tverrpolitisk arrangement

Bjørnar Fylling (Frp) og Dan Helge Bjørneset (H) bad om ei orientering om for seint innmeldte tippemidlar og moglege konsekvensar for kommunen knytt til dette.

Anne Karin Espe (SV) delte ut diplom frå Fairtrade Norge til ordføraren for kommunen sitt engasjement i å fremme rettferdig handel og bærekraft, og for arbeidet med å integrere Fairtrade-prinsippa i kommunen si verksemd.

PS 02/26 Godkjenning av protokoll

Vedtak:

Møteprotokollen frå møte 18.12.2025 vart godkjent.

PS 03/26 Orienteringar

OS 01/26 Rapport - Kartlegging av biologisk mangfald i Sunnmørsfjordane

Ovidie Lynge og Inge Alexander Bruheim frå Runde forking orienterte om kartlegginga av biologisk mangfald i Sunnmørsfjordane.

OS 02/26 Orientering om innsatstrapp og bustadtrapp

Rune Holbæk og Einar Stephan frå Agenda Kaupang orienterte.

Lars Alv Haugen (AP) møtte kl. 14.15. Henning Holsvik (Krf) fekk permisjon kl. 14.15.

OS 03/26 2. møte i tverrkommunal politisk arbeidsgruppe Volda og Ørsta 20.01.26

OS 04/26 Kommunebrevet 2026 - Nasjonale forventningar til kommunane - Samarbeid for å nå måla

OS 05/26 Kommunekommisjonen 9. januar 2026

OS 06/26 Vedtaksbrev - Deltaking i prosess for kommunesamanslåing

OS 07/26 Ombodsordninga i Møre og Romsdal - mobbeombodet og elev- og lærlingombodet 2024-2025

OS 08/26 Sluttrapport berekraftskoordinator

Henning Holsvik (Krf) møtte kl. 15.20.

OS 09/26 Orientering om ufrivillig skulefråvær

Vedtak:

Kommunestyret ber kommunedirektøren ha fokus på oppfølging av tiltak retta mot ufrivillig skulefråvær og kome attende til dette i samband med framlegging av tilstandsrapporten i skulen før ferien.

Rapporten bør gi svar på blandt anna:

- Kva konkrete tiltak som vert sette i verk når elevar viser teikn til ufrivillig fråvær, psykiske vanskar eller mobbing
- Korleis skulane arbeider systematisk og førebyggjande for å fange opp elevar i risiko
- Korleis samarbeidet med heimane vert gjennomført i praksis
- Korleis kommunen samarbeider med PPT, helsestasjon, barnevern og andre instansar
- Ei vurdering av kva som er dei største utfordringane, og kva som må til for å styrke innsatsen framover

Behandling:

Kommunalsjef Per Ivar Kongsvik orienterte.

Nytt forslag frå Dagfinn Kristiansen (INP):

Kommunestyret ber kommunedirektøren ha fokus på oppfølging av tiltak retta mot ufrivillig skulefråvær og kome attende til dette i samband med framlegging av tilstandsrapporten i skulen før ferien.

Rapporten bør gi svar på blandt anna:

- *Kva konkrete tiltak som vert sette i verk når elevar viser teikn til ufrivillig fråvær, psykiske vanskar eller mobbing*
- *Korleis skulane arbeider systematisk og førebyggjande for å fange opp elevar i risiko*
- *Korleis samarbeidet med heimane vert gjennomført i praksis*
- *Korleis kommunen samarbeider med PPT, helsestasjon, barnevern og andre instansar*
- *Ei vurdering av kva som er dei største utfordringane, og kva som må til for å styrke innsatsen framover*

Votering

Forslaget vart einstemmig vedteke.

Stemte for parti: SP (7 stemmer), AP (5 stemmer), SV (4 stemmer), FrP (4 stemmer), KrF (3 stemmer), H (3 stemmer), INP (2 stemmer), MDG (1 stemme), V (1 stemme), R (1 stemme)

OS 10/26 Orientering om spelemiddelsøknadar

Bjørnar Fylling (Frp) og Dan Helge Bjørneset (H) viste til manglande innlevering av spelemiddelsøknader til Kulturdepartementet og bad om ei orientering om saka. Kommunedirektøren opplyste at kommunen ved ein feil ikkje har levert tippemiddelsøknadene innan fristen. Feilen får ingen budsjettmessige konsekvensar, men kan føre til at utbetalinga for enkelte anlegg blir forseinka med eitt år.

PS 04/26 Busetting av flyktningar i 2026

Vedtak:

Volda kommunestyre vedtek å busette inntil 40 flyktningar i 2026. Vedtaket inkluderer ikkje busetting av EM, med mindre dei har nær slekt i Volda. Familiesameiningar kjem i tillegg.

Behandling:

Votering

Innstillinga frå formannskapet vart einstemmig vedtatt.

Stemte for parti: SP (7 stemmer), AP (5 stemmer), FrP (4 stemmer), SV (4 stemmer), KrF (3 stemmer), H (3 stemmer), INP (2 stemmer), V (1 stemme), R (1 stemme), MDG (1 stemme)

Vedtak som innstilling frå Formannskapet - 27.01.2026 - 05/26

Volda kommunestyre vedtek å busette inntil 40 flyktningar i 2026. Vedtaket inkluderer ikkje busetting av EM, med mindre dei har nær slekt i Volda. Familiesameiningar kjem i tillegg.

PS 05/26 Styrerepresentasjon i selskap der Volda kommune har eigarskap

Vedtak:

Behandling:

Nytt forslag frå Dan Helge Bjørneset (H):

Kommunestyret utarbeider eigne rettningslinjer for Valnemda som skal fylgjast ved val av kommunale medlemar til styre i selskap der Volda kommune har eigarskap.

Nytt forslag frå Gudrun Kløve Juuhl (R):

Kommunestyret skal godkjenna framlegget til nominasjon før oversending.

Votering

Innstillinga frå formannskapet fekk 3 stemmer og fall, 28 stemmer mot.

Stemte for parti: V (1 stemme), H (1 stemme), SP (1 stemme)

Stemte mot parti: SP (6 stemmer), AP (5 stemmer), FrP (4 stemmer), SV (4 stemmer), KrF (3 stemmer), INP (2 stemmer), H (2 stemmer), R (1 stemme), MDG (1 stemme)

Stemte for personar: Sindre Rotevatn (H), Sølvi Dimmen (SP), Stig Helland (V)

Stemte mot personar: Connie Steffenakk Bakke (AP), Lars Alv Haugen (AP), Margrete Trovåg (AP), Roger André Solheim (AP), Sverre Leivdal (AP), Asbjørn Tore Humberst (FrP), Bjørnar Fylling (FrP), Elin Løvøy Wilhelmsen (FrP), Synnøve Mikkelsen Leirvik (FrP), Dan Helge Bjørneset (H), Thore Heggen (H), Dagfinn Kristiansen (INP), Jonas Sollid Egset (INP), Anders Egil Straume (KrF), Henning Holsvik (KrF), Jørund Stig Knardal (KrF), Henriette Hafsaas (MDG), Gudrun Kløve Juuhl (R), Ingrid Salt (SP), Ola Perry Saure (SP), Olin Bruheim Løvlid (SP), Ottar Arve Bjørkedal (SP), Rebecca Riise Bjerknes (SP), Åsmund Seljeset (SP), Anne Karin Espe (SV), Gunnar Strøm (SV), Jan Erik Stokkeland (SV), Kari Aslaug Hasle (SV)

Forslaget frå Dan Helge Bjørneset (H) fekk 10 stemmer og fall, 21 stemmer mot.

Stemte for parti: AP (3 stemmer), KrF (3 stemmer), H (2 stemmer), SP (1 stemme), V (1 stemme)

Stemte mot parti: SP (6 stemmer), FrP (4 stemmer), SV (4 stemmer), AP (2 stemmer), INP (2 stemmer), H (1 stemme), MDG (1 stemme), R (1 stemme)

Stemte for personar: Connie Steffenakk Bakke (AP), Margrete Trovåg (AP), Roger André Solheim (AP), Dan Helge Bjørneset (H), Thore Heggen (H), Anders Egil Straume (KrF), Henning Holsvik (KrF), Jørund Stig Knardal (KrF), Ola Perry Saure (SP), Stig Helland (V)

Stemte mot personar: Lars Alv Haugen (AP), Sverre Leivdal (AP), Asbjørn Tore Humberstet (FrP), Bjørnar Fylling (FrP), Elin Løvøy Wilhelmsen (FrP), Synnøve Mikkelsen Leirvik (FrP), Sindre Rotevatn (H), Dagfinn Kristiansen (INP), Jonas Sollid Egset (INP), Henriette Hafsaas (MDG), Gudrun Kløve Juuhl (R), Ingrid Salt (SP), Olin Bruheim Løvlid (SP), Ottar Arve Bjørkedal (SP), Rebecca Riise Bjerknes (SP), Sølvi Dimmen (SP), Åsmund Seljeset (SP), Anne Karin Espe (SV), Gunnar Strøm (SV), Jan Erik Stokkeland (SV), Kari Aslaug Hasle (SV)

Forslaget frå Gudrun Kløve Juuhl (R) fekk 4 stemmer og fall, 27 stemmer mot.

Stemte for parti: KrF (1 stemme), R (1 stemme), MDG (1 stemme), H (1 stemme)

Stemte mot parti: SP (7 stemmer), AP (5 stemmer), SV (4 stemmer), FrP (4 stemmer), KrF (2 stemmer), H (2 stemmer), INP (2 stemmer), V (1 stemme)

Stemte for personar: Dan Helge Bjørneset (H), Henning Holsvik (KrF), Henriette Hafsaas (MDG), Gudrun Kløve Juuhl (R)

Stemte mot personar: Connie Steffenakk Bakke (AP), Lars Alv Haugen (AP), Margrete Trovåg (AP), Roger André Solheim (AP), Sverre Leivdal (AP), Asbjørn Tore Humberstet (FrP), Bjørnar Fylling (FrP), Elin Løvøy Wilhelmsen (FrP), Synnøve Mikkelsen Leirvik (FrP), Sindre Rotevatn (H), Thore Heggen (H), Dagfinn Kristiansen (INP), Jonas Sollid Egset (INP), Anders Egil Straume (KrF), Jørund Stig Knardal (KrF), Ingrid Salt (SP), Ola Perry Saure (SP), Olin Bruheim Løvlid (SP), Ottar Arve Bjørkedal (SP), Rebecca Riise Bjerknes (SP), Sølvi Dimmen (SP), Åsmund Seljeset (SP), Anne Karin Espe (SV), Gunnar Strøm (SV), Jan Erik Stokkeland (SV), Kari Aslaug Hasle (SV), Stig Helland (V)

Vedtak som innstilling frå Formannskapet - 27.01.2026 - 06/26

1. Kommunestyret ser det som viktig at styre i selskap som Volda kommune har eigarskap i har ei samla kompetanse som er tilpassa selskapet sitt formål og verksemd.

2. Kommunestyret oppnemner 3 representantar som får fullmakt på vegne av Volda kommune til å kome med framlegg på kandidatar til styre i aksjeselskap, samt til styre i interkommunale selskap der det er stilt eller er naturleg å stille særlege kompetansekrav.

Utvalet leverer sine framlegg til valkomiteen eller eigarorganet for selskapet dersom det ikkje er oppnemnt valkomite.

3. Kommunestyret oppnemner følgjande medlemmer til å ivareta fullmaktene i punkt 2:

4. Nemnda skal orientere formannskapet om arbeidet før oversending av forslag til nominasjon.

PS 06/26 Rapportering oppfølging av vedtak per 31.12.2025

Vedtak:

Kommunestyret tek rapportering om oppfølging av vedtak per 31.12.2025 til vitende.

Behandling:

Varaordfører Sverre Leivdal fekk permisjon kl. 16.50. Gunnar Strøm (SV) vart einstemmig valt som settevaraordfører.

Votering

Innstillinga frå formannskapet vart einstemmig vedtatt.

Stemte for parti: SP (7 stemmer), AP (4 stemmer), FrP (4 stemmer), SV (4 stemmer), H (3 stemmer), KrF (3 stemmer), INP (2 stemmer), R (1 stemme), V (1 stemme), MDG (1 stemme)

Vedtak som innstilling frå Formannskapet - 27.01.2026 - 07/26

Kommunestyret tek rapportering om oppfølging av vedtak per 31.12.2025 til vitende.

PS 07/26 Årsmelding Ungdomsrådet 2025

Vedtak:

Årsmeldinga vart tatt til vitende.

Behandling:

Votering

Innstillinga frå ungdomsrådet vart einstemmig vedtatt.

Stemte for parti: SP (7 stemmer), AP (4 stemmer), FrP (4 stemmer), SV (4 stemmer), H (3 stemmer), KrF (3 stemmer), INP (2 stemmer), R (1 stemme), V (1 stemme), MDG (1 stemme)

Kommunedirektøren si tilråding:

Årsmeldinga vart tatt til vitende.